

Fiskefartyet «Stefan Ben» levert til Nordfjord på Island, 1960

Sunnhordland Årbok 2014 er i handelen. Tema er fartybygging i Sunnhordland dei siste 200 åra. Sjur Tjelmeland sin artikkel om Eidsvik skipsbyggeri byggjer på Alfred Eidsvik sine livsminne.

Han er grunnleggjaren og lesarane får eit godt inntrykk av det å vera omreisande fartybyggjar tidleg på 1900 talet, via fartybygging i Kalvsund saman med broren Jon Eidsvik og vervaplass i Eidsvikjo til Alfred slår seg ned i Uskedalen i 1939 og byggjer snurparen «Solfjell» for Tøres Myklebust. I 1946 fekk han hand om Goakaste på Børnes der verksemda ligg i dag. Fram til 1957 bygde Alfred saman med sønene Per, Torgeir og Alf trefarty. Mange farty vart landsette for reingjering og smurning.




[« Olav Trygvasson », fiskebåt levert til Island](#)

Seinare gjekk det slag i slag med fiskefarty i stål. Ny beddinghall kom til kring 1965. Siste skroget vart bygd i hallen i 1989. Etter det vart Eidsvik eit utrustningsverft fram til driftsstansen i 2013.

Med 50 - 60 fast tilsette har Eidsvik skipsbyggeri i lang tid vore ei viktig verksemd for arbeidslivet i Uskedalen og bygdene omkring.

Årboka til Sunnhordland museum er å få kjøpt på bokhandelen i Rosendal eller på Husnes.



Sjøsetjing i 1987. Foto: Geir Hus, Kvinnheringen

Tekst: Kristian Olav Bringedal

Foto: Eidsvik skipsbyggeri - privatarkiv

Nett: Thor Inge Døssland